



Barne- Og Familiedepartementet  
Postboks 8036 DEP  
0030 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.  
23/3779 - 2

Journalpostid:  
23/31885

Dato  
13.07.2023

## Høyringsuttalelse: NOU 2023:7

Time kommune gir med dette høyringsuttalelse til NOU 2023:7 *Trygg barndom, sikker framtid. Gjennomgang av rettsikkerheten for barn og foreldre i barnevernet.*

Time kommune støtter formålet i barnevernutvalets mandat om å vurdere og styrke rettsikkerheita i alle ledd av barnevernets arbeid, og kommunen støtter i det vesentlege forslaga frå utvalet.

I fylgjande høyringsuttalelse er fokus på forslaga ein er kritiske til: Forslag 1: BRO-ordning, forslag 2: Redusering i aldersgrense for partsstatus der ein òg finn det nødvendig å kommentera forslag 4: Momentliste for å vurdere å innvilga og å ta i frå partsrettar og forslag 5: Aldersgrense på 15 år for å samtykke til frivillige tiltak, samt forslag 87: Utreiing av ansvarsoverføring frå kommune til stat.

Vidare er det nokre av forslaga ein ser utfordringar med, og som ein av den grunn ønskjer å kommentera; Forslag 49: Tydelegare føringar til innhaldet i oppfølginga av foreldre, forslag 65: Fosterheim tilpassa barns behov for relasjon, omsorg og behandling, samt forslag 71: Ny ordning med oppvekstadopsjon.

Nedanfor fylgjer ei oppstilling av nemnde punkt, med kommunen sine kommentarar:

### **Forslag 1: Utprøving og etablering av ei Barnerepresentantordning (BRO)**

*«Det etableres en barnerepresentantordning (BRO), som skal gi uavhengig representasjon for alle barn som blir plassert utenfor hjemmet, enten frivillig, akutt eller med tvang. (Red.anm: Her har eit mindretal i utvalet teke dissens.)*

*En barnefaglig kompetent person skal ha hovedansvaret for å representere barnet, og samarbeide med akkreditert advokat i de steg av prosessen der det trengs.*

*Ordningen skal erstatte talsperson, tillitsperson og tilsynsperson i fosterhjem. Det foreslås at ordningen først prøves ut, som en del av utredningen av hvordan en nasjonal ordning bør innrettes.»*

#### Kommentar:

Time kommune støttar mindretalet sine vurderingar; Det er barneverntenesta sitt mandat å ha barnets beste i fokus, og i dette ha samtaler med barnet og søkja medverknad for å finna hensiktsmessige tiltak. BRO kan potensielt vera eit forstyrrende element i dette, og det kan oppstå usikkerheit og distansering hjå barnet.

Det vil krevja store ressurstilføringar og rekruttering av eit stort tal på tilsette å innføra BRO, og det vil setja press på ei teneste som allereie er prega av høg turnover og til dels store utfordringar med rekruttering.

Slik kommunen ser det vil det vore meir hensiktsmessig av utvalet å føreslå tiltak som retter seg mot kompetansebygging, kompetansekrav og utarbeiding av retningslinjer og rutinar som kan bidra til å sikra at barneverntenesta utførar sine oppgåver knytt til å fremja barnets stemme etter lovas intensjon.

## **Forslag 2: Lågare aldersgrense for partsrettar**

*«Aldersgrensen for å opptre som part i barnevernssaker senkes fra 15 til 12 år. Det opprettholdes en mulighet for nemnda til å innvilge yngre barn partsrettigheter.»*

### Kommentar:

Time kommune vurderer at det er klart behov for å styrka barn og unge sine rettar i barneverntenesta, men er usikker på om det er rett veg å gå å senka aldersgrensa for partsrettar. Slik me ser det manglar det ei utgreiing på om det er forsvarleg å gje barn på 12 år ansvar for å forvalta ein slik rett med alt som det inneber.

Kommunen vurderer likevel at forslaget om momentliste for å vurdera å innvilga og å ta frå partsrettar (forslag 4) kan gjera seg gjeldande i denne drøftinga. Då knytt til om ein kan innvilga barn under 15 år partsrettar når forholda ligg til rette for det. Me føreslår at det fortsatt skal vera 15 års grense for partsrettar, men at det skal utarbeidast ei momentliste for å vurdera å innvilga partsrettar for barn mellom 12 og 15 år. På denne måten vil ein sikra ei forsvarlegheitsvurdering knytt opp mot kvart enkelt barn si modning.

I dette punktet vil ein òg kommentera forslag 5: *«Aldersgrensen for å samtykke til hjelpetiltak skal fortsatt være 15 år»*. Me saknar ei drøfting og tydeliggjering av grunnlaget for at ein 12 åring skal kunna ha partsrettar med alt det som det inneber, men at hen må bli 15 år før hen kan samtykka til hjelpetiltak som angår hen sjølv.

Vidare vurderer kommunen at ei slik ordning der barn ned i 12 års alder automatisk har partsrettar med stort sannsyn vil føra til at fleire saker vert gjengangar i rettssystem, og at talet på tvangsvedtak aukar.

## **Forslag 87: Utgreiing av ansvarsoverføring**

*«Det utredes om ansvaret for barneverntjenestens oppgaver bør flyttes fra kommunene til staten.» (Red.anm: Her har eit mindretal i utvalet teke dissens)*

### Kommentar:

Time kommune støttar mindretalet sine vurderingar; Det kommunale barnevernet har i seinare tid vore gjenstand for ny reform og ny barnevernslov, og treng arbeidsro for å gis eit rimeleg grunnlag for implementering. Ei utgreiing om ansvarsoverføring på dette tidspunktet vil med stort sannsyn skapa uro.

Ny barnevernslov har fokus på den samla oppvekstinnsatsen lokalt, og flytting av ansvar frå kommune til stat vil vera lite hensiktsmessig. Det vil potensielt innebera ei oppsplitting som vanskeleggjer den samla og heilskaplege innsatsen.

Kommunen ser utfordringa knytt til ulikheiter i barneverntenestene, og at det er behov for å sikra meir likeverdige tenester samt sterkare og meir stabile fagmiljø med nødvendig breidde i kompetanse og erfaring. Det kan difor vera hensiktsmessig å bygga opp

spesialkompetanse og rettleiingskapasitet statleg som dei kommunane som har behov for kan nytta seg av i komplekse saker.

#### **Forslag 49: Tydelegare føringar til innhaldet i oppfølginga av foreldre**

*«Det gis tydeligere føringar for innhaldet i planen for oppfølging av barn og foreldre (red anm: i tiltak der barn bur utanfor heimen), og hva som skal ligge til grunn for oppfølgingen av foreldrene så lenge gjenforeningsmålsettingen gjelder»*

##### Kommentar:

Time kommune er positiv til at utvalet løftar fram problemstilling knytt til innhald i oppfølging av foreldre når barn bur utanfor heimen, sett i lys av mellom anna dommar frå Den Europeiske Menneskerettighetsdomstolen (EMD). Kommunen håpar at ein ved slike føringar òg vil ta omsyn til dei utfordringane det med sannsyn vil føra til knytt til system, økonomi og kapasitet i den enkelte barnevernteneste.

#### **Forslag 65: Fosterheim tilpassa barns behov for relasjon, omsorg og behandling**

*«Ordningen med spesialiserte fosterhjem utvikles, tilpasses og utvides, slik at barn og unge som i dag flyttes på institusjon heller kan flyttes i fosterhjem, dersom dette bedre dekker barnets behov.*

*Bufetat gis plikt til å tilby spesialiserte fosterhjem på anmodning fra kommunene.*

*Tilbudet om spesialiserte fosterhjem utvikles i tråd med grunnprinsippene i kunnskapsbaserte metoder for foreldreveiledning- og behandling, slik at barn og unge får skreddersydde tiltak som hjelper dem og deres spesifikke behov.*

*Økt bruk av spesialiserte fosterhjem følges opp med kontinuerlig kvalitetssikring og følgeforskning.».*

##### Kommentar:

Time kommune støttar dette forslaget. For å lykkast med fosterheimsordninga treng fleire barn spesialiserte heimar, og talet på institusjonsplasseringar må reduserast. Pr. i dag gis ikkje kommunane anledning til å søkja konkret om spesialiserte heimar til ungdommar, men Bufetat kan levera spesialiserte heimar dersom dei har ledig heim i sin portefølje som matchar barnets behov.

Til trass for at kommunen støttar forslaget om at Bufetat gis bistandsplikt til å skaffa spesialiserte fosterheimar på oppmoding frå kommunen, ser ein med skepsis på korleis ein vil klara å gjennomføra forslaget i praksis. Dette sett i lys av dagens mangel på fosterheimar. Kommunen ser at utvalet har lagt til grunn ein ny rekrutteringsstrategi, men denne skildrar slik me vurderer det ikkje korleis ein vil skaffa *fleire* fosterheimar – berre korleis ein vil sikra at ein finn fosterheim som er eigna for det enkelte barn. Det løyser ikkje dagens utfordring med mangel på tilgjengelege heimar.

#### **Forslag 71: Ny ordning med oppvekstadoptsjon**

*«Oppvekstadoptsjon innføres som en ny ordning i saker der adopsjon ikke er ønskelig, men gjenforeningsmålet er oppgitt, barnet har bodd i samme fosterhjem over tid, har sterk tilknytning til fosterforeldrene og fosterforeldrene har vist seg egnet til å oppdra barnet som sitt eget. Ordningen innebærer at nemnda treffer vedtak om at foreldreansvaret overføres fra de opprinnelige foreldrene til fosterforeldrene.».*

Kommentar:

Time kommune støttar dette forslaget då det kan bidra til at midlertidigheit i omsorgsrelasjonen for barnet og fosterforeldra opphøyrer. Samstundes saknast ei tydeliggjering av kva som er tenkt i forhold til t.d. avlønning. Erfaringar viser at fleire fosterheimar ikkje ønskjer adopsjon, fordi dei mister ein del rettigheter knytt til økonomi.

Med helsing

Ragnhild Hobberstad  
rådgjevar

*Dette brevet er elektronisk godkjent. Skal du svara på brevet, ønsker me at du gjer det elektronisk via [sikker digital innsending](#).*